



GOL IL SKØYTEGRUPPA

www.golil.no - skøyter

ÅRSMELDING 2004



Gol Bakeri & Konditori AS
3550 Gol – Tlf 3202 9650

ÅRSMELDING 2004 for skøytegruppa, Gol IL.

Styret si samansetning:

Leiar: Birgit Engene
Nestleiar: Gisle Eide
Sekretær: Anne Gerd Jorde
Kasserar: Anne Kari Smaaberg
Styremedlem: Reidmar Faleide vart på årsmøte i idrettslaget valgt for 1 år då Vidar Haugo trakk seg frå styrevervet sitt.
Styremedlem: Ola Halvar Jorde
Ungdomsrepr: Ingrid Eide
Kompetanseansvarleg: Gisle Eide
Internettansvarleg: Gisle Eide
Varamedlem: Inger Berit Myklebust
Eva Dahl Rust

Det har vore 11 styremøter og det er handsama 53 saker.

Medlemer i skøytegruppa: (i parentes tal frå 2003)

Totalt medlemstal: 100 (94)
Medl. over 17 år: 40 (40)
Medl. under 17 år: 60 (54)

	Konkuranseløparar	Skøyteskule	Totalt
Menn	11 (12))	24 (23)	35 (35)
Kvinner	<u>6 (10)</u>	<u>23 (11)</u>	<u>29 (21)</u>
Totalt	17 (22)	47 (34)	64 (56)

Trenarar

Trenarar: Ola Halvar Jorde
Gisle Eide
Marit Jorde (hausten 2004)
Håvard Myklebust laga treningsopplegg for sumaren for nokre av løparane.
Håvard Myklebust bor i Oslo og trenar saman med Aktiv skøyteklubb.
Morten Antonsen er trenar for Aktiv.

Medhjelparar på skøyteskulen: Birgit Engene
Anne Gerd Jorde (våren 2004)



SAMLINGAR FOR LØPARANE.

- 29.januar:** **"Skøytefest" med landslaget på Glitre.**
I samband med at skøytelandslaget, både for menn og kvinner, låg i treningsleir på Gol i tida 26. - 30. januar, arrangerte skøytegruppa festkveld på Glitre.
Torsdag 29. januar skulle det etter planen vere vanleg klubblop på Gol. Landslaget og hovudtrenar Peter Mueller vart med på banen denne ettermiddagen. For dei frammøtte vart det noko å minnast i lang tid. Mueller takka for eit fint opphald og lova å koma tilbake med landslaget neste år. Både løparane og leiarane i landslaget stilte villige opp under opphaldet på Gol. Dei tok seg tid til både pressa, borna og andre skøyteinteresserte. Torsdagen var dei med borna på leik og moro på isen. Dei skreiv autografar og svara på spørsmål.
Det var her Peter Mueller oppdaga Håvard Bøkkø.
- Februar:** **Treningsleir på Mallorca**
1 løper deltok som ledsager på sykkel for funksjonshemma.
- Mai:** **Sykkelsamling saman med Fana i Hallingdal**
2 løparar deltok
- 4. – 6. juni:** **Barmarksamling i Dagali**
7 løparar var med. Dette var ei kretssamling.
Gol hadde ansvaret for det praktiske ved arrangementet. Det deltok i alt 63 barn og vaksne på samlinga.
- 19.juni:** **Hallingrittet**
Nokon av løparane deltok på Hallingrittet.
- 26.juni:** **Den vesle styrkeprøva (Lillehammer – Oslo)**
1 løpar deltok i den vesle styrkeprøva Lillehammer – Oslo.
- Juni/juli:** **Treningsamling i Slovakia**
1 løpar deltok.
- August:** **Sommarisen i Vikingskipet**
6 løparar og 1 trenar var på sommarisen i august.
- September/oktober:** **Treningssamling i Berlin**
1 løpar deltok..

Denne hausten var skøyteisen på Glitre klar 21. november.

TURAR/SOSIALE SAMLINGAR:

- 17. -18. januar:** **Tur til Krystallcupen.**
8 av løparane deltok
- 15.-16. februar:** **Landsmeisterskapen på Hamar.**
2 jenter frå Gol var teke ut til å delta i Landsmeisterskapet.
Berre dei beste i landet frå kvart alderstrinn er kvalifiserte til denne meisterskapen. Særleg er talet på kvalifiserte lågt i jenteklassene. Det var derfor flott å ha med to jenter frå Gol.

28. -29. februar: **”Sandefjorløpet” i Vikingskipet.**
Etter mange år med ”Rådeløpet” har nå Sandefjord skøyteklubb overteke dette store arrangementet og gitt det nytt namn. Det var med 14 løparar frå Gol. Som tidlegare år er dette ei fin familiehelg og høgdepunktet for mange av løparane. Det blir sett mange personlege rekordar og foreldra stiller villig opp på sidelinja med heiarop. Det var ein fin bankett laurdag kveld med mykje god underhaldning og god mat.

3. mars: **Hallingdalsmesterskapet**
Kaldt vêr og fine forhold møtte løparane under Hallingdalsmeisterskapen i Hol. onsdag 3. mars. Stemnet vart ei positiv oppleving for alle som var til stades. Sesongavslutninga vart markert med ein felles kveldsmat og premiar til alle deltakarane. Gol stilte med 18 løparar.

28. november: **Familiedag på isen.**
Skøytegruppa på Gol ville prøve noko nytt for å trekke folk til skøytebana. I laurdags-Hallingdølen annonserte vi "familiedag på isen". Mange familiar frå fleire bygder i Hallingdal fann vegen til Glitre denne dagen. Nokre aktivitetar var planlagde frå arrangørane si side - andre aktivitetar lagde dei frammøtte sjølve i stand. På denne måten vart det mykje aktivitet og aktivitet som passa dei fleste.

SEMINAR:

29.-30. oktober: **Idrettslagseminar på Oset hotell.**
5 av medlemmane i styret deltok på idrettslaget sitt seminar på Oset. Her vart mange sider ved idrettlaget sitt arbeid drøfta. Eit bra tiltak.

EIGNE ARRANGEMENT.

Norgescup junior	41 deltakarar
6 klubblop	20 – 30 deltakarar kvar gong
Kveldskretsløp	22 deltakarar
Skøytesportens dag	ca 30 deltakarar
Hallingdalskarusellen (nasjonalt løp)	97 løparar
Bedriftsstafett	6 lag deltok med 3 personar på kvart lag

Vi hadde mange vellykka arrangement i år 2004.

Vi kan blant anna nemne:

Norgescup junior
10-11. januar: Det vart 2 flotte skøytedagar på Glitre denne helga. Mykje arbeid vart lagt ned for at forholda skulle vere optimale og arrangementet skulle gå knirkefritt. Mange gode tider og mange utepersar prega stemnet. Sjølv sagt var innsatsen til Håvard Bøkkø frå Hol det som varma hallingane mest. Han vann 2 distansar og vart nr. 2 på den tredje han deltok på. Våre eigne løparar, Marit Jorde og Hans Kristian Jorde gjorde også ein fin innsats.

Kveldskretsløp
25.januar
Skøytesportens dag: Det vart arrangert kveldskretsløp der 22 deltakarar frå Gol og Hol deltok. Fellesstart med deltakarar i alle aldrar er populært. Nokon gjekk 5000 meter

- 4 februar:** medan andre følgde på så best dei kunne. Vi let oss særleg imponere av kor langt mange av dei minste klarte å gå. Med flotte isforhold vart det ei verkeleg "kosestund" på isen for både små og store. Det var utdeling av diplomar til borna. Etterpå var det vaflar med saft og kaffe å få kjøpt i kiosken.
- Bedriftsstafett:** Fint vêr og nokre få kuldegrader danna ei kjempefin ramme kring arrangementet.
- 11. februar:** Det viktigaste med stafetten er å møtast og ha det gøy på isen. Einaste kvalifiseringskravet for å delta er å vere i stand til å gå 400 meter på skøyter. Kwart lag består av 3 personar. Det var premierung med vandrepokal og medaljar. Skøytegruppa hadde lagt opp til klassar både for racerar og for idealtid. Alle laga gjekk først ein runde kvar (eitt og eitt lag). Laget frå DBC Elite kom nærast idealtida og vart vinnar av idealtidløpet. I stafetten vart det ein knapp siger til laget frå turistbedriftene i Gol. Dei vann med ca 1 meter på førstelaget til Byggmakker. Sidan dei 3 kvinnene som deltok danna eitt lag vart det også utdelt gullmedaljar i kvinneklassa. I alt seks lag tok del i stafetten i år. Ekstra hyggjeleg var det at kvinnene igjen var tilbake i stafetten. Laget frå DBC regnskap (DBC Show Team) hadde til og med kledd seg i bunad mv. og sette absolutt sitt preg på arrangementet. Takk til damene frå DBC.
- Hallingdalskarusellen:** -17 grader på morgonen og strålende sol utover dagen møtte dei omlag 100 løparane som stilte til start på Glitre stadion. Den perfekt preparerte isen vart rekordglatt når sola fekk polert den. Mange sette personlege rekordar og det vanka godord til arrangørane frå dei tilreisanden løparane. I tillegg til vanlege løp har det vorte tradisjon på dette løpet å ha 4 x 400 meter stafett. Dei fleste av dei deltakande løparane var med i stafetten. Det vart arrangert 2 innleiande heat og finale. Etter at Fana i fleire år har gått sigrande ut av stafetten, var det dette året Stord som vart vinnarar.
- Avslutningsfesten** Torsdag 15. april arrangerte skøytegruppa sesongavslutning for både store og små. Mange forventningsfulle små hadde teke med seg mamma og pappa til klubbhuset på Hallingmo. For mange er det høgdepunktet for året å motta premien for gjennomført skøytesesong. Av meir spesiell premierung kan vi nemne at pokal for framgang/motivasjon gjekk til Martin Engene Øyan. Prestasjonspokalen gjekk til Marit Jorde. Etter mange år på skøytebanen hadde ho i år den beste sesongen sin. Med flotte resultat m. a. i junior-NM var ho eit naturleg val når denne utmerkinga skulle utdelast.
- 15. april:**
- Idrettslagets dag** Etter initiativ frå skøytegruppa fekk idrettslagets dag ei anna form i år enn tidlegare. Vi meinte det var på tide med nytenking for å vekke publikum si interesse for dagen.
- 14. november:** Fire av gruppene i Gol IL rigga seg til med aktivitetar utanfor Samfunnshuset. I tillegg til innandørs aktivitetar (gudsteneste, handballkamp, knøttefotballturnering, bruksal og skismøring) vart det i år satsa på uteaktivitetar. Skøytegruppa hadde rigga til sin post ved enden av symjehallen. Publikum kunne her mellom anna delta i ein enkel spørjekonkurranse-svara her var lodd i trekking av premiar. Dei kunne også konkurrere i diskoskast med papptallerken og prøve "skøyteløp" med papptallerken på ryggen. Sjølv om dette var ein kjøleg haustdag, la det ingen dempar på oppmøte på aktivitetane.

INNSATSEN TIL LØPARANE I SESONGEN 2003/2004.

(Tala i parentes er antal deltakarar)

Senior	Håvard Myklebust	NM sprint		nr. 14 (27)	
		NM enkeltdistanser	1500m	nr. 22 (24)	
			5000m	nr. 20 (24)	
		Deltok i Norgescupen			
		Deltok i gjesteklassen i Sandefjordløpet		nr 2 (12)	
		KM	500 m	nr. 5 (7)	
			3000m	nr. 4 (6)	
Junior A	Hans Kristian Jorde	NM allround		nr. 14 (25)	
		NM enkeltdistanser	500 m	nr. 16 (18)	
			1000 m	nr. 10 (17)	
			1500 m	nr. 15 (21)	
			3000 m	nr. 18 (23)	
		Deltok i Norgescupen			
		Deltok i gjesteklassen i Sandefjordløpet		nr 11 (12) dnf	
KM	500 m	nr. 1 (2)			
	10000 m	nr. 2 (2)			
Junior A	Marit Jorde	NM allround		nr. 5 (9)	
		NM enkeltdistanser	500m	nr. 9 (13)	
			1000m	nr. 9 (10)	
			1500m	nr. 7 (12)	
			3000m	nr. 6 (8)	
		Deltok på Norgescup			
		Deltok i gjesteklassen i Sandefjordløpet		nr. 5 (8)	
Junior C	Birgitte Jorde	LM	500m	nr. 7 (13)	
			1000m	nr. 9 (13)	
			1500m	nr. 10 (13)	
		Sandefjordløpet		nr. 23 (38)	
Junior C	Ingrid Eide	LM	500 m	nr. 12 (13)	
			1000 m	nr. 12 (13)	
			1500 m	nr. 12 (13)	
		Sandefjordløpet		nr. 26 (38)	
Junior C	Martin Engene Øyan	Sandefjordløpet		nr. 40 (49)	
Junior C	Simen Fivelstad Smaaberg	Sandefjordløpet		nr. 42 (49)	
10 år	Lars Fivelstad Smaaberg	Deltok i Sandefjorløpet			
	Sigbjørn Eide	Deltok i Sandefjorløpet			
	Leutrim Sadiki	Deltok i Sandefjorløpet			
	Henrik Engene Øyan	Deltok i Sandefjorløpet			

Andre på denne alderen som har gått løp denne vinteren er:

Nille Marta Norhaug Faleide

Stian Rust

Åsmund Jøtun Fauske

Björg Merete Hjallen er ungdomsrepresentant i styret i Norges Skøyteforbund.
Per Helge Myklebust var leiar for Buskerud Skøytekrets fram til desember 2004.
Gisle Eide er kompetanseansvarleg i Buskerud Skøytekrets.

STARTARAR.

- **Vidar Haugo** er startar i nivå 3.
- **Ola Stølen** er startar i nivå 2.

OVERDOMMAR.

- **Ola Halvar Jorde** er overdommar i nivå 4.

DUGNADSINNSATS OG ANNAN AKTIVITET I KLUBBEN.

- Som tidlegare år har gruppa hatt dugnadsvask på klubbhuset og speakerbua på Glitre.
- Skøytegruppa hadde ein stor dugnadsgjeng under Hallingrített.
- Ola Halvar Jorde har stått for mesteparten av islegginga dette året med god hjelp av Gisle Eide.. Ein stor takk til Ola Halvar og Gisle for denne jobben og for mange timar dugnadsinnsats elles i gruppa med ulike ting.
- Internetsida til skøytegruppa er vi stolte av og samarbeidet med internettansvarleg i skøyteforbundet er kjempebra. Takk til Gisle Eide for flott arbeid.
- ”Glitretid” – tidtakarprogrammet som Oddbjørn Jorde har laga er under vidare utvikling og forbetring. Det siste trinnet er at tidene går direkte frå elektroniske klokker og rett inn på dataen.
- Kakeatteri 17.april innbrakte nødvendige kroner til gruppa.

Utover dette er det mange som gjer ein stor dugnadsinnsats for gruppa gjennom mange ulike oppgåver. Styret vil få takke alle foreldre og andre frivillige som har gjort ein jobb på Glitre i året som har gått. Utan dugnad hadde vi ikkje kome langt.

SPONSORAR.

Skøytegruppa vil få rette ein stor takk til Vianor og Gol Bakeri for sponsinga i form av pengestøtte. Ein stor takk til Pers hotell for rimeleg overnatting for overdommar under løp.

Skøytegruppa vil også få takke Felleskjøpet for lån av traktor.

Vi må heller ikkje gløyme å takke Aslak Golberg for lånet av vals.

Ein stor takk også til Mesta v/Lars Petter Hefte som hjelper til med brøyting både på banen og parkeringsplassen på Glitre. Takk også til Kåre Dramstad som var innom og brøyta ut kantane ein gong forrige sesong.

Styret i skøytegruppa vil til slutt få takke alle som på ein eller annan måte har støtta gruppa og gjort ein innsats i 2004.

UTFORDRINGAR I 2005/2006.

- Ei stor utfordring er bygging av garasjeanlegg på Glitre. Søknad om tippemidlar er nå sendt og det er innvilga 100.000 kroner frå idrettslaget. Skøytegruppa har sett 100.000 kroner på byggekonto. Planlagt byggestart er tidfesta til våren/sumaren 2005.
- Skaffe trenarar.
- Fortsatt støtte frå kommunen til drift av anlegget på Glitre.
- Rekrutteringsarbeid både til skøyteskule og aktive løparar.

Velkomen til eit godt skøytemiljø på Glitre.

Arrangement 2005:

2. januar:	Kretsmesterskap
10. februar:	Familedag på isen/skøytesportens dag
14. februar:	Bedriftstafett
19. februar:	Hallingdalskarusellen
2. mars:	Hallingdalsmesterskap

Gol 18. januar 2005
Styret for skøytegruppa.

